

Grinde skule

Lokal plan for
trafikkopplæring



Målsetting

Vi har som mål at ingen elever eller voksne som hører til Grinde skule skal bli skada eller drepne i trafikken.

For å nå dette målet må

- elevane ha kunnskapar, ferdigheiter og positive haldningar til ei ansvarleg åtferd i trafikken.
- føresette bidra med gode haldningar og trafikksikker utrustning av elevane, støtte elevane si opplæring, vere varsame i trafikken og forhindre at trafikkfarlege situasjonar oppstår i hente- og bringesituasjonar ved skulen.

Tiltak

- Trafikkopplæringa på Grinde skule er lagt inn i skulen sine årsplanar.
- FAU samarbeider med dei tilsette på skulen om haldningsskapande tiltak der føresette blir informert og aktivt blir med i den førebyggjande trafikkopplæringa.
- Føresette bidrar ved å anbefale barna til å gå til og frå skulen, vise varsemd i hente – og bringesituasjonar og ved å sjå til at eigne barn brukar refleks, hjelm/godkjent sykkel. Føresette kan og bidra ved trafikkaksjonar.
- Trafikkopplæringa blir styrka ved at det blir oppretta ein funksjon for ein trafikkansvarleg på skulen.
- Skulen har utarbeida retningsliner for turar til fots, på sykkel, med bil og buss. Desse retningslinene er nedfelt i skulen sitt kvalitetssystem.



Trafikk og skole

Kunnskapsløftet:

Kompetansemål frå læreplanen etter 4.trinn:

- Elevane skal kunne følgje trafikkreglane for fotgjengerar og syklistar. *(Frå læreplan i kroppsøving).*
- Gjere samfunnsfaglege undersøkingar som krev teljing og rekning, og presenterer desse undersøkingane. *(Frå læreplanen i samfunnsfag).*
- Lage ei oversikt over reglar som regulerer forholdet mellom menneske, og konsekvensar ved å bryte normene. *(Frå læreplan i samfunnsfag.)*

Kompetansemål frå læreplanen etter 7.trinn:

- Elevene skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel. *(Frå læreplan i kroppsøving).*

Trygg trafikk anbefaler følgjande progresjon i trafikkopplæringa:

- 1.trinn: Trafikktrening i skulen sitt nærrområde.
- 2.trinn: Enkle trafikkregler på skulevegen: Gåløype, gåprøve.
- 3.trinn: Undersøkingar av eigen skuleveg, teljingar og registreringar.
- 4.trinn: Trafikkreglar/førebuande sykkelopplæring, enkel teori og trening i trygge omgjevnadar/trening på sykkel i enkel trafikk saman med vaksne.
- 5.trinn: Trening på sykkel i enkel trafikk, saman med de vaksne.
- 6.trinn: Teori og trening på sykkel i krevjande trafikk.
- 7.trinn: Sjølvstendig sykling i trafikken.



Trafikkopplæring:

1.-4. trinn:

- Minimum 2 undervisningstimar på hausten og 2 timar på våren, ved blant anna bruk av nettsida www.trafikkogskole.no.
- Den praktiske treninga i trafikken og opplæring i refleksbruk følgjer planen for trinna.
- Praktisk sykkel prøve i slutten av 4. klasse

5.-7. trinn:

- Minimum 2 undervisningstimar på hausten og 2 timar på våren, ved blant anna bruk av nettsida www.trafikkogskole.no.
- Den praktiske treninga i trafikken og opplæring i refleks-, hjelm og sykkelbruk følgjer planen for trinna.

For alle trinn

- Informasjon om skulen sin lokale plan for trafikkopplæring på FFK møtet i august. Klassekontaktane informerer vidare til foreldremøta om hausten.
- Dei føresette blir blant anna informert om farane ved hente- og bringesituasjonar. Føresette blir oppmoda til å la barna gå/sykle mest mogleg sjølv til skulen frå første skuledag (når dei er modne for dette). Ein positiv effekt av dette er og fysisk aktivitet
- På utedagar får elevane gå-trening i skulen sitt nærrområde. Frå 5. trinn får dei og sykkeltrening. For dei minste kan turar med fadrar som rollemodellar vere nyttig.
- Skulen markerer refleksdagen

1.trinn

MÅL: Elevane skal kunne gå trygt i ei stor gruppe i trafikken og kunne refleksbruk

- «Beintøft» aksjon ved skolestart og refleksdag.
- Vi går og skulevegen til dei som bur i gangavstand slik at elevane får sjå kor dei andre bur. Når fadrane er med, er dei gode rollemodellar.
- Samtalar om skulevegen og kva dei må passe seg for jamleg gjennom året.
- «Ett-to, ett-to en støvel og en sko» frå Trygg Trafikk brukast som undervisningsmateriale.
- «Albert og pappa» høgtlesing i gruppa.
- www.trafikkogskole.no: Oppgåver Quiz. Bruk linken til Barnas Trafikkklubb og gjer oppgåver der.

2.trinn:

MÅL: Elevane skal lære å følgje trafikreglar for fotgjengarar, og vite korleis ein skal oppføre seg i og utanfor buss.

- «Beintøft» aksjon ved skolestart og refleksdag.
- Gåturar i nærområdet
- «I huset bortenfor huset» fra Trygg Trafikk brukes i undervisninga.
- www.trafikkogskole.no: Oppgåve om trafikantar. I Barnas Trafikkklubb kan ein bruke oppgåven ABC.



3.Trinn:

MÅL: Elevane skal erfare kor viktig det er med refleks for at ein fotgjengar skal bli sett i trafikken. Dei skal og vite kva ein må tenkje ekstra på i trafikken om vinteren. Dei skal kunne trafikkskilt som finst på skulevegen.

- «Beintøft» aksjon ved skolestart og refleksdag.
- www.trafikkogskole.no: Oppgåve om trafikklys og skilt.

4.trinn:

MÅL: Elevane skal kunne trafikkreglar for gåande og sykkistar, kunne rett bruk av sykkelhjelm, kunne tekniske ferdigheiter som blir kravd for å ferdast trygt med sykkel i trafikken, åleine og i gruppe.

- «Beintøft» aksjon ved skolestart og refleksdag.
- Dekkje følgjande kompetansemål frå læreplanen i kroppsøving: Elevane skal kunne følge trafikkreglane for gåande og sykkistar.
- Elevane får ta sykkelprøven i mai
- «Trå til» sykkelmateriell for 4.trinn kan brukast.
- www.trafikkogskole.no: Meir om skilt/aktive skulebarn/refleksspillet og oppgåve 1 for 5.til 7.trinn om utstyr på sykkelen: «Sykkel 1»

5.trinn:

Mål: Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.

- «Beintøft» aksjon ved skolestart og refleksdag.
- Fadrar kan bli med 1.trinn på tur og er gode rollemodellar for elevane der.
- Praktisere trygg bruk av sykkelen som framkomstmiddel, med hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand.
- «Trå til» sykkelmateriell frå Trygg Trafikk kan brukast.
- Det ligg mange gode snuttar på youtube frå Trygg Trafikk:
https://www.youtube.com/results?search_query=trygg+trafikk
- Demonstrere «eggjelmtesten» (ligg på youtube).
- www.trafikkogskole.no: Oppgåvene kan gjerast av kvar elev eller i felles undervisning.

6.trinn:

MÅL: Elevane skal kunne noko om enkelt vedlikehald av sykkel.

- «Beintøft» aksjon ved skolestart og refleksdag.
- Praktisere trygg bruk av sykkelen som framkomstmiddel, med hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand.
- Fadrar blir med 2.trinn på tur og er gode rollemodellar for elevane der.
- «Trå til» materiell fra Trygg Trafikk kan brukast.
- www.trafikkogskole.no: Fortsatt fokus på hjelmbruk.



7.trinn:

MÅL: Elevane skal kunne kjenne godt til trafikkfarlege stadar i nærområdet.

Praktisere trygg bruk av sykkelen som framkomstmiddel, med hjelm og sykkel etter forskrifta.


- «Beintøft» aksjon ved skolestart og refleksdag.
- «Trå til» materiell frå Trygg Trafikk kan brukast.
- www.trafikkogskole.no: Fortsatt fokus på hjelmbruk.
- Samtale rundt haldningar i trafikken. Bruke relevant litteratur.
- Gjennomføre trafikktejing, jamfør følgjande mål frå Kunnskapsløftet:
 - Kompetansemål i matematikk: «Mål for opplæringa er at eleven skal kunne planleggje og samle inn data i samband med observasjonar, spørjeundersøkingar og eksperiment og manuelt, og lese, tolke og vurdere kor nyttige dei er.»
 - Kompetansemål i norsk:
«Eleven skal kunne presentere fagstoff munnleg med mottakarbevissthet med eller uten hjelpemidler».
 - KRLE: Etikk og verdiar.

Skule:

- Ein tilsett innehar funksjonen «trafikkansvarlig» på skolen.

Heim - skule

- Samarbeide med skulen om «Beintøft» aksjon ved skolestart og reflekskonkurranse (FAU).
- Samarbeide med skulen sine tilsette om haldningsskapande tiltak.
- Oppmode barna om å gå til og frå skulen med foreldre, som gå-buss, saman med eldre, jamnaldrande elevar eller åleine.
- Minne barna på bruk av refleks og hjelm.
- Være varsame i hente- og bringesituasjonar.
- Hjelp lærarane i forbindelse med trafikkaksjoner og refleksdagar
- Går føre som eit godt eksempel: bruk refleks og sykkelhjelme og snakk med barna om trafikk.




Tema på foreldremøte:

1.-3. trinn

- Trygg skuleveg
- Gågrupper/følgjerodningar
- Sykle saman (med ein vaksen)
- Refleks – skulen markerer refleksdagen 15. oktober. Det er ønskeleg at dei minste og nyttar refleksvest i dagslys

4.-7. trinn

- Trygg bruk av sykkel
- Påbudt utstyr på sykkel (lys, brems, hjelm)
- Trene på sykkel- sykkelsertifikat i 4. klasse



Vedlegg

Hugselister for turar

Ekskursjonar, turar og reiser

Grinde skule har retningsliner for ekskursjonar, turar og reiser. Retningslinene er innarbeida i skulen sin HMS-plan.

- Dersom reiser føregår i skuletida, som ein del av undervisninga, er dette skulen sitt ansvar. Elevane er då forsikra etter lov om yrkesskader. Elevane er **ikkje** forsikra ved tap eller skade på eigendeler.
- Elevane kan, ifølgje norsk lov, bli stilt til ansvar for skadar forårsaka på andre sine eigendeler eller eigendom, avgrensa opp til kr. 5000,-.
- Føregår reisa i private bilar **skal** føresette ha gitt skriftleg tillating til dette.
- Føregår reisa med sykkel (mellomtrinnet) **skal** elevane bruke hjelm. Syklane skal være i stand etter føreskrifta, dette er dei føresette sitt ansvar.
- Det skal førast forsvarleg tilsyn med elevane
- Om elevar, av ulike grunnar, ikkje deltek på turar, skal dei få tilbod om undervisning på skulen.
- Om ein skal bade på turar, **skal** føresette gi skriftleg tillating på førehand. Vidare gjeld at den/dei vaksne må ha avlagt godkjent livredningsprøve, ikkje eldre enn eit år, og at ein vaksen ikkje kan ha ansvar for fleire enn 14 elever.
- Om elevar(på mellomtrinnet) skal ut av skulen sitt område i samband med tema- og prosjektarbeid utan følgje av lærar, **skal** dei føresette være informert om dette og ha gitt skriftleg tillating.

Dette skal du ha med på tur:

- **Førstehjelpsutstyr**
- **Mobiltelefon**
- **Klasseliste med namn og telefonnummer til føresette.**



Buss, minibuss eller taxi

- Når du venter på bussen, står du heilt roleg til bussen har stansa heilt opp.
- Gå pent og roleg inn i bussen, dei yngste elevane får gå først
- Har du med sekk, gymbag eller liknande, plasserer du dette på golvet framføre deg eller på fanget
- Det er påbudt å bruka bilbelte i buss når det er montert. Sitt med setebeltet på til bussen har stansa. Du skal sitte i ro i setet så lenge bussen er i fart.
- Gå pent og roleg ut av bussen, vent med å krysse vegen til bussen har køyrd.
- Respekter og følg alltid sjåføren sine beskjedar.
- Elevane skal gjerast medvitne om kor viktig det er med trygg oppførsel på haldeplass og i buss.
- Skulen skal som hovudregel nytte leigd transport med yrkessjåfør på turar. Dersom skulen bestiller bussar, skal det bestillast med sele til alle.
- Det er vaktar på haldeplassane ved skuleslutt



Sjekkliste på gå/sykkeltur

- Kvar skal turen gå?
- Er det farlege/vanskelege punkt på turen? Korleis sikrar vi evt desse?
- Kor kan ein ha oppsamlingsplassar/venteplassar?
- Kor mange elevar har vi med, og kor mange vaksne treng vi?
- Er det gitt informasjon heim om turen?
- Har leiinga fått informasjon om turen?
- Kven går først og sist?
- På sykkeltur: Har alle hjelm?

